



Gullregn er ein svært vakker plante, som ein no om dagen kan beundra ved Sandakaien. Også litterært er planta gjort udødeleg, gjennom Marie Hamsuns biografiske UNDER GULLREGNEN. Men det er alltid grunn til å åtvara om at planta - eller kanskje rettare treet - er svært giftig og vi blar opp i ein plakat frå Helsedirektoratet for å gjera det heilt klårt.

Der står det at ein straks skal ta kontakt med giftinformasjonen hvis eit born kan ha ete gullregn.

Heile planta er svært giftig. Mange av gullregnartane har belger med frø og det er gjerne desse som fristar born.

Hvis ein et gullregn i større mengder kan ein få kramper og verta medvitslaus etter å ha hatt brekningar, svimmelheit, hjertebank, hallusinasjonar og store pupillar.

Difor gjeld denne formaninga til alle i samband med gullregn: Berre sjå, men ikkje røre!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen